

Breivika Eigedom AS

Detaljreguleringsplan for Breivika industriområde, plankart 1 og plankart 2

Planomtale med konsekvensutgreiing

Planid: 1438.2016.02



Oppdragsnr.: 5165540 Dokumentnr.: 001 Versjon: J06
2019-02-28

Oppdragsgjevar:	Brevika Eigedom AS
Oppdragsgjevars kontaktperson:	Bjarte Steinhovden
Rådgjevar:	Norconsult AS, Dalavegen 25, NO-6856 Sogndal
Oppdragsleiar:	Jon Ove Lomheim
Fagansvarleg:	Johannes-Henrik Myrmel
Andre nøkkelpersonar:	Ann Sissel Heilevang og fagpersonar for KU-rapportar

J06	2019-02-28	Oppdatert planomtale til godkjent reguleringsplan	JOL	TMK	JOL
E05	2018-12-20	Planomtale til 2.gongshandsaming	JOL	TMK	JOL
E04	2018-06-26	Planomtale til offentlig ettersyn av reguleringsplan	JOL	JOHM	JOL
E03	2018-05-22	Sluttdokument til godkjenning i kommunen	JOL	JOHM	JOL
D02	2018-05-22	Sluttdokument til intern kontroll og godkjenning	JOL	JOHM	JOL
D02	2018-05-21	Forslag til fagkontroll	JOL	JOHM	JOL
A01	2018-05-09	Forslag internt	ANSHE		JOL
Versjon	Dato	Omtale	Utarbeidd	Fagkontrollert	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeida av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrar Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det formål som går fram av oppdragsavtalen, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.

Forord

Norconsult AS har på oppdrag frå Breivika Eigedom AS utarbeidd reguleringsplanforslag med planomtale og konsekvensutgreiing for Breivika industriområde (planområde 1 og 2) i Bremanger kommune.

Arbeidet med detaljreguleringsplanen har til føremål å skaffa fram det formelle plangrunnlaget for utviding av eksisterande næringsareal i Breivika i planområde 1 og nytt næringsareal i planområde. For tilrettelegging av byggeklart næringsareal i planområde 1 trengst det mykje steinmassar til fylling i sjø medan planområde 2 har stort masseuttak som kan dekke opp til halvparten av det som trengst for full utbygging i planområde 1.

Næringa i planområde 1 er knytt hovudsakleg til fiskeoppdrett (akvakultur).

Planområde 2 vert planlagt tilrettelagt for nye eller andre verksemder i kommunen.

Detaljreguleringsplanen byggjer på planprogram, fastsett 1.6.2017, sak FSK-067/17. Sentrale problemstillingar er tilpassing til kringliggande areal, naturmangfald, kulturelle kvalitetar og for friluftsliv.

Bremanger kommune er ansvarleg mynde og skal handsama planforslaget.

Planframlegget vart vedteke lagt ut til offentleg ettersyn i møte 07.06.2018.

Denne versjon J06 av planomtalen er oppdatering i høve endringar i planframlegget til 2.gongs handsaming i formannskapet og godkjenning av kommunestyret 28.02.2019.

Samandrag

Planforslaget avklarar arealbruken for industriområde på sørsida (planområde 1) og nordsida (planområde 2) av fylkesveg 614 i Breivika, om lag ein kilometer vest for Svelgen. Det er utarbeidd plankart 1 for sørsida av fylkesvegen og plankart 2 for nordsida av fylkesvegen.

Føremålet med planarbeidet er å leggje til rette for utvikling av Breivika Eigedom si verksemd innanfor akvakultur i Breivika, og opparbeide nytt næringsareal på sørsida av fylkesvegen (jamfør figur 1).

Føremålet med plankart 1 er å utvide område for næringsareal utover det eksisterande. Dette er konfliktylt, spesielt austover i etablert småbåtanlegget og i høve bustader i nærområdet.

På bakgrunn av varsla motsegn for fylling og regulering av arealet ved småbåthamna til næringsareal har forslagsstillar valt å trekka ut dette arealet (planområde 1B) etter offentleg ettersyn og er ikkje med i reguleringsplankart 1 vedteken av kommunestyret.

For vedteke plankart 1 er det tilrettelagt for utfylling av området i sjø for nytt nærings-/industriareal (samt oppfylling landareal til kote +4,5). Maksimalt utnytta areal til byggjeklar tomt vil kunne krevje 300.000 – 350.000 tam³. Ved fylling i sjø er volumet usikkert før betre kartlegging av bottilhøva og tiltaket er detaljprosjektert. Dessutan er volumet rekna ut frå kart før oppfylling starta vinteren 2017-18 med andre massar enn frå plankart 2 .

Føremålet med plankart 2 er å leggje til rette for eit større samla industriområde som gjev stort masseoverskot. Etter vedteken plan vert masseoverskot av stein om lag 350.000-400.000 tfm³ og har vore planlagt nytta til utfylling av sjøområdet i Breivika. Med bortfall av utfylling i småbåthamna i vedteken reguleringsplan vert det masseoverskot begge plankarta samla til det er meir areal tilgjengeleg for fylling i Breivika eller eventuelt til andre føremål.

Regulert friluftsområde med gjennomgåande sti i gjeldande reguleringsplan vert flytta 30-60 meter sidevegs til utkanten av plankartet i kombinasjon med planlagt skogsveg. Skogsvegen er bygt samtidig med handsaming av reguleringsplanen.

I plankart 2 er det framlegg om masseuttak i fjellskjeringar med pallehøgder om lag 10 meter og med tilsvarande om lag like breie hyller. Dei flate hyllene skal delvis fyllast med lausmasse for etablering av ny vegetasjon for betre reetablering tilsvarande landskap som i dag. Pallehøgdenene vert også utforma for å ta mot steinfall frå fjellskjeringar over.

Plankart 1 er blitt redusert frå om lag 115 daa til 63 daa. Om lag 41 daa (brutto) er regulert til «Bygningar og anlegg» med formål «Industri/Lager», men netto byggetomt vert vesentleg mindre då naturterreng med høg skjering vil stå igjen mot naboareal (bustader og vegar).

Plankart 2 er på om lag 56 daa og om lag 33 daa er regulert til «Bygningar og anlegg» med formål «Industri/Lager». Når ein også tek omsyn til byggegrense mot fylkesveg og kommunal veg vert «netto byggeareal» om lag 15 daa.

For planforslaget er det utført konsekvensutgreiningar etter krav i planprogrammet. Dei største konsekvensane av planforslaget er vurdert til å ha:

- Lite til middels negativ konsekvens for landskap (med mest avbøtande tiltak i planområde 2)
- Middels negativ konsekvens for nærmiljø og friluftsliv (mest i planområde 2)
- Meget stor negativ konsekvens for naturmangfald lokalt i småbåthamna då gjenfylling inneber at ålegraslokaliteten vil gå tapt ved utviding av næringsarealet (planområde 1), medan det vert vurdert til å vera liten negativ konsekvens totalt for gyteområde i Gulenfjorden. **Dette kulepunktet er ikkje lenger relevant fordi arealet ikkje er teke med i vedteken reguleringsplan.**
- Stor negativ konsekvens for ureining i fjorden ved utfylling i sjøen. Dette gjeld spesielt plastforureining frå sprengt stein og det vert lagt inn avbøtande tiltak for å avgrensa plastureininga

Føresetnad for gjennomføring av vedteken plan er blitt endra til:

- *5 bustadeigedommar innlemma til næringsareal (i planforslaget til offentleg ettersyn) er ikkje lenger med i vedteken plan og har såleis ikkje fått endra føremål*
- *Småbåthamn innlemma til næringsareal (i planforslaget til offentleg ettersyn) er ikkje lenger med i vedteken plan og har såleis ikkje fått endra føremål*

Naust med tilhøyrande anlegg må flyttast til anna stad i kommunen før utbygging av BKB3 kan gjennomførast eller erstattast på annan måte..

Innhald

Samandrag	4
1 Innleiing	8
1.1 Bakgrunn	8
1.2 Målsetjing	8
1.3 Planområde	8
1.4 Alternative lokaliseringar	9
1.5 Prosess og medverknad	9
2 Planer og rammer	11
2.1 Nasjonale forventningar og regionale føringar	11
2.2 Statlege planretningsline for bustad-, areal og transportplanlegging	11
2.3 Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø og vassdrag	11
2.4 Lokale føringar	11
2.5 Reguleringsplanar	12
2.6 Bakgrunn og føremål med planforslaget	13
2.7 Arealbruk	14
2.8 Reguleringsformål	15
2.8.1 Industri/lager	15
2.8.2 Trafikkareal og teknisk infrastruktur	22
2.8.3 Grønstruktur	23
2.8.4 Omsynssoner	23
2.9 Geoteknisk vurdering inklusiv skredvurdering	24
2.9.1 Grunntilhøve plankart 1	24
2.9.2 Geotekniske vurdering inklusiv skredvurdering og uttak av berg i plankart 2	25
3 Utgreiing i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing	26
3.1 Landskap	27
3.2 Nærmiljø og friluftsliv	28
Planområde 1	28
Planområde 2	28
3.3 Naturressursar	29
3.4 Forureining	32

3.5	Biologisk mangfald, naturmiljø	34
3.5.1	Marint naturmiljø	34
3.5.2	Akvatisk naturmiljø	35
3.5.3	Terrestriske naturmiljø	36
3.6	Anleggsperioden	38
3.7	Samfunnstryggleik	38
3.8	Planretningslinjer og rettslege prinsipp	39
3.8.1	Forvaltning av strandsona	39
3.8.2	Miljøretta prinsipp i naturmangfaldslova	39
3.8.3	Nasjonale forventningar	40
3.8.4	Lokale utviklingsmål	41
3.8.5	Juridiske og økonomiske forhold og rekkefølgjekrav	41
4	Oppsummerande vurdering	42
4.1	Oppsummering og samanstilling av konsekvensar	42
4.2	Avbøtande tiltak, ytterlegare undersøkingar, oppfølging	44
	Vedlegg 1 Planforslag, Plankart 1 (ved offentlig ettersyn)	45
	Vedlegg 2 Planforslag, Plankart 2 (ved offentlig ettersyn)	46
	Vedlegg 3 Andre deldokument knytt til planframlegg	47
	Vedlegg 5 Plankart 1, vedteke 28.02.2019	48
	Vedlegg 6 Plankart 2, vedteke 28.02.2019	49

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn

Breivika Eigedom AS eig industritomt med bygningar og installasjonar i Breivika og er Norconsult sin oppdragsgjevar for utarbeiding av reguleringsplan. Eigedommen vert leigd ut til driftsselskapet Steinvik Rensefisk AS.

Steinvik Rensefisk AS driv i dag landbasert akvakulturanlegg med produksjon av rognkjeks (*Cyclopterus lumpus*). Verksemd har i sin masterplan lagt opp til vidare utvikling av næring hovudsakleg knytt til fiske og fiskeoppdrett med behov for større areal enn regulert industriareal.

Bakgrunnen for planarbeidet er såleis at det er behov for utviding av tilgjengeleg næringsareal. Nytt areal er mest tilgjengeleg austover ved utfylling i sjø ved eksisterande småbåthamn og vestover langs land i eit område med naust. Nytt næringsareal føresett tilgang på store mengder stein og mesteparten må vera eigna for utfylling i sjø.

På andre sida av fylkesvegen forbi Breivika har kommunen to regulerte industriområde som ikkje er opparbeida. Det eine er på om lag 3,3 daa. Det andre på om lag 19,5 daa er utsett for ras og nær inntil gravplass. Kommunen ønskjer tilrettelegging av eit større samanhengande område som er tryggare for ras og meir skjerma frå gravplassen. Ny reguleringsplan med tilrettelegging av industritomt medfører stort masseoverskot. Det er såleis god økonomi og samfunnsnytte med å utarbeide reguleringsplan for begge område parallelt og utføre anleggsarbeidet samtidig.

I begge planområda er det ønskjeleg med meir areal til næring enn det som er avsett i kommuneplan og delvis i strid med kommuneplanen. Såleis er det utarbeidd planprogram vedteke juni 2017. Det inneber krav om konsekvensutgreiing med kartlegging og forslag til avbøtande tiltak for å sikre ei best mogleg miljø- og samfunnstilpassa utbygging.

Denne rapporten er *opphaveleg* planomtale til reguleringsplanforslaget *lagt ut til offentleg 3.juli 2018* med oppsummering av det viktigaste frå konsekvensutgreiingane.

Dette sluttdokumentet av rapporten er oppdatering av planomtale slik plankart er blitt endra etter offentleg ettersyn og til slutt er godkjent av kommunestyret 28.02.2019.

1.2 Målsetjing


Mål for planarbeidet er å få tilgang til nytt næringsareal. Det skal vere med å bygge opp om ei vidareutvikling av næringslivet i Svelgen generelt, men spesielt nødvendig byggeareal for Breivika Eigedom AS som har etablert produksjonsverksemd i Breivika.

1.3 Planområde

Planområde 1 (med tilhøyrande plankart 1) er lokalisert sør for fylkesveg 614 ved fjorden med avgrensing mot offentleg vegar (kommunale og fylkesveg 614), bustadområde langs fylkesvegen og vestover mot Langeneset og austover i retning sentrum til eksisterande industriområde.

Etter offentleg ettersyn så er plankart 1 redusert etter varsel om motsegn frå fylkesmann (med fleire) for område 1B (småbåthamna), nemnt som BKB2 i plankartet. Forslagsstillar har valt å trekke BKB2-området ut av plankart 1 og området ved småbåthamna er ikkje med ved 2.gongshandsaming av planforslaget og såleis ikkje med i godkjenninga i kommunestyret.

Planområde 2 (med tilhørende plankart 2) er lokalisert nord for fylkesveg 614. Arealet grensar til utmark, fylkesvegen samt veg til gravplassen på Rise og landbruksareal. Gravplassen er lokalisert 100-150 meter sør for planområdet.



Figur 1 : Omtrentleg avgrensing av planområda. Plan 1A og Plan 1B utgjør planområde 1.

1.4 Alternative lokaliseringar

For driftsselskapet Steinvik Rensefisk AS er utviding av noverande industriareal i planområde 1 einaste aktuelle løysing. Alternativ lokalisering andre stader i kommunen enn ved noverande etablering er ikkje aktuell løysing.

Verksemdene er etablert med utbygging og aktivitet som ikkje er aktuell å flytte på grunn av logistikk og utførte investeringar. I tillegg til investeringar på eksisterande tomt er det gjort store investeringar med vassforsyning (for eigen produksjon) frå Risevatnet og for utslepp i fjorden. Anlegga er dimensjonert for vidare utvikling i samsvar med masterplan omtalt i kapittel 2.

Planområde 2 (skissert og omtalt som «Plan 2) har i gjeldande reguleringsplan for Svelgen sentrum eit mindre regulert industriområde I3 (om lag 3,3 daa) og deler av eit regulert industriområde I4, jamfør seinare figur 2. Sistnemnde areal er om lag 19,5 daa, men berre om lag 6 daa av dette inngår i det nye planområde 2.

Mesteparten av I4-området er etter at reguleringsplan er godkjent blitt registrert som rasfarleg område og såleis mindre aktuell som utbyggingsområde. «I4-området» er også tett lokalisert til gravplassen (område O6). Eit utvida industriområde i det nye planområde 2 (med plankart 2) er såleis av fleire grunnar betre alternativ lokalisering enn i gjeldande reguleringsplan.

1.5 Prosess og medverknad

Regelverk for planlegging etter plan- og bygningsloven og forskrift om konsekvensutgreiing sikrar medverknad, og ei open planprosess. Utgreiinga skal trygge at forhold knytt til miljø og samfunn vert inkludert i planarbeidet på lik line med tekniske tilhøve, og på denne måten bidra til å gje mynda eit best mogleg grunnlag for å gjere vedtak om og på kva vilkår prosjekt kan gjennomførast.

Oppstartsmøte med kommunen vart avhalde den 20.9.2016.

Den 4. april 2017 vart det halde to informasjonsmøte, det eine med båtlaget, og det andre med naboar. Både på møta og i merknadene vart det uttrykt bekymring for at utviding av industriverksemda vil medføre store negative konsekvensar for dei som bur i og tett inntil planforslaga. Det gjaldt forhold til støy, støv og bukvalitet. Det vart også uttrykt bekymring i forhold til omsyn til naturmangfald, naturressursar, skjemmande landskapsinngrep, nærleik til gravplass og tilgang til strandsona og utmark.

Forslag til planprogrammet var sendt ut på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i perioden 10.3.2017-24.4.2017. Høyringsuttaler gav grunnlag for justering av planprogrammet og planprogram vart revidert i samsvar med kommunen sin tilråding. Planprogrammet blei så vedteke i formannskapet den 1.6.2017, sak FSK-067/17 og i etterkant har kommunen kunngjort det vedteke planprogrammet.

Konsekvensutgreiingar og planforslag er utarbeidd etter fastsett planprogram. Som ein del av konsekvensutgreiinga er det gjort greie for avbøtande- og risikoreducerande tiltak.

Etter at sentrale KU-rapportar for miljø i sjø, forureining, naturmiljø på land var klare, hadde kommunen saman med forslagsstillar og Norconsult informasjons- og dialogmøte 21.02.2018 med fylkesmann og fiskeridirektorat. Her vart det avklara ein del oppfølgjande tiltak som Norconsult har arbeid vidare med i planarbeidet.

I planprosessen elles har det vore korrespondanse og møte med kommunen for avklaringar til planforslaget.

Planforslag vart lagt ut til offentleg ettersyn 3.juli 2018 fram til 30.08.2018.

Det kom inn mange merknadar og varsel om motsegn frå fylkesmann, fiskeridirektorat og NVE.

Det har vore dialogmøte med fylkesmannen, fiskeridirektorat og NVE fram til ei planløysing med reviderte føresegner der desse trekkjer motsegn til revidert planframlegg.

Det har vidare fram til 2.gongshandsaming blitt gjort justering av planframlegget som heilt, eller delvis, har teke omsyn innkomne merknadar.

2 Planer og rammer

Det er gjeve føringar både på nasjonalt og regionalt nivå i tillegg til dei konkrete føringane som kommunen har trekt opp for planarbeidet.

2.1 Nasjonale forventningar og regionale føringar

Det ligg føre ei rekkje sentrale føringar som er klarlagt i ulike stortingsmeldingar, rikspolitiske retningslinjer og statlege planretningslinjer. Dette femnar om nasjonale og regionale mål om bl.a. å ta vare på naturkvalitetar og ressursar, landskap, kulturkvalitetar samt friluftsliv og rekreasjon.

Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging vart vedteke ved kongeleg resolusjon 12. juni 2015.

I forventingsdokumentet er det peikt på kva omsyn fylkeskommunane og kommunane bør leggje vekt på for å få gjennomført nasjonal politikk.

I dette dokumentet er det tre hovudtema:

- Gode og effektive planprosessar
- Berekraftig areal- og samfunnsutvikling
- Attraktive og klimavenlege by- og tettstodområde

Ved kongeleg resolusjon vart det vedteke Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging.

2.2 Statlege planretningsline for bustad-, areal og transportplanlegging

Retningslinjene skal bidra til god samordning av bustad-, areal-, og transportplanlegginga, samtidig som den skal legge til rette for eit godt og produktivt samspel mellom kommunar, stat og utbyggjarar for å sikre god utvikling av tettstader/knutepunkt.

Planlegginga av utbyggingsmønsteret og transportsystema skal legge til rette for utvikling av berekraftige tettstader, verdiskaping og næringsutvikling samt fremje helse, miljø og livskvalitet. Effektiv og trygg trafikkavvikling for næringstransport skal vektleggast i planlegginga.

2.3 Statlege planretningslinjer for differensiert forvaltning av strandsona langs sjø og vassdrag

Føremålet med retningslinjene er tydeleggjering av nasjonal arealpolitikk i 100-metersbeltet. Retningslinjene legg opp til ei differensiert forvaltning. Bremanger kommune er plassert i kategorien av kommunar der presset på arealet er avgrensa. Retningslinjene desse områda nær tettstad set meir lempeleg politikk enn i område med uønska utbyggingspress i strandsona.

2.4 Lokale føringar

Arealdelen av kommuneplanen dekker ikkje heile planområdet for utbygging.

Deler av planområdet er regulert, medan andre delar av området ikkje er regulert. Tekstdelen til arealdelen av kommuneplanen legg føringar for reguleringsplanarbeidet.

Målsettinga for Bremanger kommune, gjennom «Strategisk Næringsplan 2014-2020, er å legge til rette for at Bremanger kommune er ein attraktiv kommune for etablering- og utvikling av framtidsretta næringsaktivitet. Fiskeri og havbruk er ein av sentrale næringar som skal prioriterast i næringsarbeidet.

2.5 Reguleringsplanar

Planarbeidet femnar om areal i 4 reguleringsplanar.


- Reguleringsplan for Breivika, vedtak K-066/98 den 06.10.1998, planid: 1438.1998.01.
- Reguleringsplan for Svelgen sentrum, vedtak K-057/01 den 07.09.2001, planid: 1438.2001.01
- Veg nedste Langeneset, vedtak K-066/98 den 28.04.09, planid: 1438.2009.03)
- Reguleringsplan fortau Svelgen, vedtak K-058/09 den 29.09.09, planid: 1438.2009.06

Stor del av planområde 1 er regulert til næring (industri/lager) i reguleringsplan for Breivika, vedteke den 6. oktober 1998, planid: 1438.1998.01. Det er gjort ein del vedtak om mindre vesentleg regulering og dispensasjonsjonar til planen og skal innarbeidast i planforslaget.

I tillegg femnar plan 1 om regulert veg «nedste Langeneset» (planid: 1438.2009.03) og reguleringsplan for «fortau Svelgen» (planid: 14382009.06). Eit mindre område lengst aust er i kommuneplanen avsett til LNF-området og ikkje noko gjeldande reguleringsplan for.

Omtrent halve planområde 2 er lokalisert innanfor reguleringsplan for Svelgen sentrum. Planarbeidet femnar om heile industriområde I3 og deler av I4 (sett av til industri/lager). Område mellom dei to industriområda er regulert til friluftsliv. Gjennom friluftsområdet er det sti som går vidare til Risesetra.

Planområde 1 og 2 langs fylkesvegen overlappar delvis reguleringsplan for «fortau Svelgen», samt reguleringsplan for Svelgen sentrum.




Figur 2 Kart som syner reguleringsplan for Svelgen sentrum

Stor del av plan 1 er regulert i reguleringsplan for Breivika, vedtatt den 6. oktober 1998, planid: 1438.1998.01.

I tillegg femnar plan 1 om regulert veg «nedste Langeneset» (planid: 1438.2009.03) og reguleringsplan for «fortau Svelgen» (planid: 14382009.06).

Plan 2 overlappar delvis reguleringsplan for «fortau Svelgen», samt reguleringsplan for Svelgen sentrum.



Figur 3 Kart som syner reguleringsplan for Breivika samt deler av reguleringsplan for fortau i Svelgen Sentrum og reguleringsplan for veg til Langeneset (Kjelde: Nordfjordsamarbeidet).

I 2016 vart det gjort vedtak, sak DKST 069/16, om mindre vesentleg reguleringsendring til reguleringsplan Breivika (figur 3). Endringa var utviding av næringsareal mot sjø og ved parkbeltet samt lukking av bekken lengst aust. Reguleringsendringa skal innarbeidast i ny reguleringsplan for Breivika.

Parallelt med utlegging av planframlegget (for Breivika Eigedom) til offentleg ettersyn og 2.gongshandsaming har vegvesenet utarbeidd reguleringsplan for ny fylkesveg med gang- og sykkelveg forbi planframlegget til Breivika Eigedom. Det har vore fleire møte mellom forslagsstillar for begge planane og dels saman med kommunen for å koordinera planforslaga. Desse to planframlegga er koordinert og samsvarar med kvarandre ved godkjenning i kommunestyret 28.02.2019.

2.6 Bakgrunn og føremål med planforslaget

Begge planområda grensar i nordaust til tettstaden Svelgen som er kommunesenteret med både offentleg og privat service. Fylkesveg 614 går gjennom sentrum. Dei to planområda er lokalisert på kvar si side av fylkesveg 614. I sentrum er det både bustadområde, skule, barnehage, idrettsbane og idrettshall. Vest for plan 1 (planområde 1 og plankart 1) er det på Langeneset etablert eit bustadområde.

Arealbruken i planområde 1 (plankart 1) er i dag næring, bustad, offentleg areal, naust, småbåtanlegg og ikkje-regulert LNF-område etter kommuneplanen.

Småbåtanlegget vart etter offentleg ettersyn trekt ut av plankart 1 til godkjenning i kommunestyret. Arealet for 5 eksisterande tomtar i same område var også trekt ut som følgje av dette.

Planområde 2 er i dag i hovudsak utmarksutmarks- og beiteområde med sti til Risesetra. I dette planområdet er halve plankart 2 regulert til både industri og friluftformål i gjeldande reguleringsplan for Svelgen sentrum (fig. 2). Resterande halvdel (mot vest) er ikkje regulert og LNF-område i kommuneplanen.

Mål for planarbeidet er å få tilgang til nytt næringsareal. Det skal vere med å bygge opp om ei vidareutvikling av næringslivet i Svelgen generelt, men spesielt nødvendig byggeareal for Breivika Eigedom AS (Steinvik Fiskefarm) for utvida produksjon i planområde 1. I fyrste omgang ynskjer Breivika Eigedom å utvikle området austover over småbåthamna og deretter vestover i dagens naustrekke.

Næringsareal i planområde 2 vert planlagt for nye aktivitetar av nye eller eksisterande verksemder i Bremanger eller andre verksemder som vil etablere seg i Svelgen.

Forslagsstillar engasjerer seg i planarbeidet for plankart 2 fordi tomteopparbeiding medfører stort masseoverskot som kan nyttast til oppfylling og utviding av næringsareal i planområdet 1. Samhandling med tomteopparbeidinga gjev stor økonomisk gevinst for kommune, etablerarar i planområdet og Breivika Eigedom, men ikkje minst samfunnsnytte generelt (fornuftig bruk av overskotsmasse, kort transport til deponering med påfølgjande miljøgevinst mm)

Det er utarbeidd to plankart (eit for kvart planområde) med felles føresegner og planomtale.

2.7 Arealbruk

Tabell 1 Oversikt over arealbruk og areal for plankart 1 (inklusive omsynssoner) ved offentlig ettersyn.

Hovudformål	Formål	Areal
Bygningar og anlegg	Industri/lager (BKB1-3)	80,2
Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Køyreveg (o_SKV1-3)	6,6
	Fortau (o_SF1-2)	0,6
	Annan veggrunn – tekniske anlegg	3,8
Grønstruktur	Vegetasjonsskjerm (GV)	2,5
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)	20,9
Totalt		114,5

Tabell 2 Oversikt over arealbruk og areal for plankart 2 ved offentlig ettersyn.. Omsynssoner er med i arealoversikta.

Hovudformål	Formål	Areal
Bygningar og anlegg	Industri/lager (BKB4-5)	34,5
	Derav omsynssone (landskap): 10,3	
Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Køyreveg (o_SKV4-5 og SKV6)	2,2
	Annan veggrunn – grøntareal	2,0
	Annan veggrunn – tekniske anlegg	1,5
Grønstruktur	Turdrag (o_GTD)	1,6
Landbruks-, natur- og friluftsområde	Friluftsmål (LF1-2)	14,4
Totalt		56,4

Etter offentlig ettersyn er det blitt mindre planjustering + BKB2 er tatt ut av plankart 1.

Tabell 3 og 4 viser arealbruken i samsvar med godkjent reguleringsplan 28.02.2019.

Tabell 3 Oversikt over arealbruk og areal for plankart 1 (inklusive omsynssoner) godkjent av kommunestyret.

Hovudformål	Formål	Areal
Bygningar og anlegg	Industri/lager (BKB1 og BKB3)	41,1
Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Køyreveg (o_SKV1-3)	4,2
	Annann veggrunn – tekniske anlegg	2,1
Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone	Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)	15,1
Totalt		62,5

Tabell 4 Oversikt over arealbruk og areal for plankart 2 godkjent av kommunestyret. Omsynssoner er med i arealoversikta.

Hovudformål	Formål	Areal
Bygningar og anlegg	Industri/lager (BKB4-5)	32,7
	Derav omsynssone (landskap): 9,3	
Samferdsleanlegg og teknisk infrastruktur	Køyreveg (o_SKV4-5 og SKV6)	2,2
	Annann veggrunn – grøntareal	2,3
Grønstruktur	Turdrag (o_GTD)	1,6
Landbruks-, natur- og friluftsområde	LNFR areal (L1-2)	15,9
Totalt		54,7

2.8 Reguleringsformål

2.8.1 Industri/lager


Det er ikkje fastlagt korleis interne vegar og parkeringsanlegg skal løysast innanfor planområdet. Desse skal visast i situasjonsplan som følgjer søknad om byggjeløyve.

I begge planområda vert det regulert område for kombinert formål for industri/lager.

2.8.1.1 Industri/lager i plankart 1

Plankart 1 legg til rette for vidare utvikling av oppdrettsnæringa som er etablert i området.

Etablert verksemd har utarbeid ein masterplan for vidare utbygging det nærmaste 10-året og ser for seg ei utbygging som skissert i figur 4. Illustrasjon må tilpassast føresetnadar som vert sett for området både økonomisk og planmessig.




Figur 4 Illustrasjon for alternativ utnytting innanfor planområde 1

Planerings- og golvnivå for etablerte industribygg er på om lag kote + 3,0 (meter). I plankart 1 for nye etableringar av bygg for produksjon blir det føresett oppfylling til kote +4,5 (meter) av omsyn til energibruk ved utsepp frå produksjon. Dette gjev også sikring mot 200 års flo og bølgepåverknader.

Planlagt utnytting for industri/lager i plankart 1 blir føreslege til BYA= 75 %. Dette er det same som i gjeldande reguleringsplan for området. Byggegrense er elles vist i plankart og saman med byggehøgde omtalt i planføresegnene.

Ved innlevert byggesøknad 2018 er høgaste byggehøgde sett til kote + 15,1 (jamfør neste figur)



2 Landskapssnitt D
 1 : 500

Figur 5 Landskapssnitt sett frå fjorden for byggesøknad 2018

For vidare utbygging så skal det ikkje vera igjen bustader mellom offentleg veg og sjøen og difor er det forslag i føresegnene i vidare utbygging om maksimum gesims- og mønehøgde på kote +18. Fylkesvegen er på det lågaste på kote om lag +19,5 forbi planområdet.

På grunn av nærleiken til auka næringsaktivitet har både forslagsstillar og eigarar av bustadene ønskje om innløyising av bustadtomtene. Kommunen saman av eigar av småbåtanlegg og naustrekke arbeider med forslag til ny plassering som erstattar dagens småbåtanlegg og naustrekke (bygning med tilhøyrande anlegg).


Grunnundersøkingar så langt viser at det geoteknisk er forsvarleg med utfylling i sjø, men krev store mengder eigna stein til dette. Området ved småbåtanlegget gjev vesentleg best (mest) netto byggeareal i høve bruk av steinfylling i sjøen og difor er dette økonomisk mest attraktivt som nytt byggeområde.

Utfylling i småbåthamna gjev derimot mest interessekonflikt i høve gyteområde for fisk i Gulenfjorden generelt og spesielt Nordgulfjorden (fjordarm inn til Breivika og Svelgen sentrum). Forslagsstillar vil gjennomføra pålagte avbøtande tiltak som kan avgrense ureining ved utfylling i sjøen.


For nærområdet elles så må alle aktivitetar følgje lover og føresegner med omsyn til forureining, støy, støv og liknande og ein del av dette er spesielt teke inn i planføresegnene.

I samsvar med vedtak i formannskapet 07.06.2018 er det utarbeidd to ekstra snitt A-A og E-E (i plankart 1).

Snitt er oppteikna etter byggemeldingar, kart og foto og har såleis ikkje innmålte data for terreng, hushøgde og etasjenivå.




Figur 6 Illustrert plassering av snitt A-A og E-E



Figur 7 Snitt A-A i BKB1

- Snittet (og nytt bygg) er det samme som snitt A-A ved innlevert byggesøknad 2018. «Eksisterende terreng» her er før utfylling godkjent som mindre reguleringsendring i 2016. Nytt fyllingsareal er såleis mindre enn dette snittet illustrerer.
- Bustaden i snitt A-A` (gbn 38/114) har ut frå byggesak gesimshøgde på om lag kote 21 og mønehøgde om lag 24,5 m.o.h.



Figur 8 Snitt E-E i BKB3

- Vist næringsbygg er det samme som for snitt A-A.
- Bustaden i snitt E-E` (gbn 38/171) skal ha gesimshøgde om lag på kote 20,9, medan mønehøgda er på om lag 22,2 m.o.h.

2.8.1.2 Industri/lager i plankart 2

Plankart 2 legg i fyrste omgang til rette for masseuttak disponibelt for fylling i plankart 1. *Sjølv om fylling i småbåtanlegg ikkje lenger er med i revidert reguleringsplan så er masseuttak til plankart 1 like aktuelt.*

Etter avslutta masseuttaket vil området bli tilrettelagt for kombinert formål for industri/lager og det er

dette formålet arealet etter masseuttaket er regulert til.

Etter førebels plan og illustrasjoner så vert planeringnivå for byggeområde omtrent om lag på nivået for fylkesvegen.

Planlagt utnytting for plan 2 er BYA= 50 % som er det same som dagens I3-område i gjeldande reguleringsplan. Byggegrense er elles vist i plankart og saman med byggehøgde omtalt i planføresegnene.


For området innanfor dagens gjeldande reguleringsplan, dvs. BKB4, så er det forslag om høgaste byggehøgde på kote +28 og +30 i ulike avstandar frå senter ny fylkesveg. Dette er omtrent som for gjeldande reguleringsplan (som berre har sett krav til gesimshøgde).

For byggeområde BKB5 er det forslag til høgaste byggehøgde på kote + 38. I praksis vil høgda på bygga ikkje bli høgare enn opp til fyrste pallehøgde +29, men det er gunstig om ein kan plassera verksemder med bygg som er høgare sida det er høge fjellskjerjingar i bakkant.

Masseuttak av området må skje på bakgrunn av KU-rapportar for geologi og landskap.

Rapport frå geolog legg føringar på korleis masseuttaket teknisk kan utførast. Detaljert plan for uttak av bergmassar skal utarbeidast av ansvarleg prosjekterande og utførande må ha tiltstrekkeleg bergteknisk kompetanse.


Berggrunnen i området består av en massiv og kompetent sandstein som blir vurdert velegna til fylling i sjø. Det er ikkje utført detaljprosjektering av masseuttaket, men det er gitt tilråding til design for å ivareta detalj- og totalstabilitet på tilfredsstillande måte. Massetaket anbefales utformet med en veggvinkel på 50° - 52° for å sikre totalstabiliteten i uttaket, med paller med tilnærma vertikale vegger med risiko for kileutglidning. Sikringshyllene skal ivareta detaljstabiliteten der breidda av hyllene vil avhenge av pallhøgde og ønskje om vegetasjon for å dempe synsverknaden med høg fjellskjerjing. Detaljprosjektering må gjerast ut ifrå stadlege geologiske forhold, sikringsbehov og landskaptilpassing.



Figur 9 Forslag til utforming av massetak med veggvinkel 50-52° (DMF, 2016)

Det er ikkje kjent kva byggverk som kan koma i planområdet og difor blir det teke høgde for at det kan etablerast byggverk som utløyser krav til sikkerhetsklasse S3, med største tillatte nominelle årlege sannsyn for skred 1/5000.

Store deler av planområdet mellom fjellrygging og fylkesvegen er definert til å vera innanfor aktsomhetsområde for steinsprang og snøskred. Med planforslaget og tilråding til masseuttak + istandsettingplan så vert berghamrane sentralt i planområdet innlemma i masseuttaket og skredfaren eliminert ved tiltaket. Berghamrane vest i planområdet vert derimot ståande urørt og framleis i faresone for steinsprang og snøskred.




Figur 10 Perspektiv av teoretisk masseuttak i planforslaget



Figur 11 Illustrasjon for istandsetjing av masseuttaket

Dei raude linjene i illustrasjon er teoretiske fjellskjeringar etter masseuttak.

Figur 11 er illustrasjon ved offentlig ettersyn. I godkjent planframlegget er masseuttaket redusert noko i vest og får større avstand frå bustadane på nordsida (nedsida) av fylkesvegen. Vidare har vegvesenet planlagt ny fylkesveg utanfor noverande veg (inn på plankart 2) for å få plass til gang- og sykkelveg mm. Ny plan for masseuttak skal utarbeidast innanfor revidert avgrensing i godkjent reguleringsplan.




Figur 12 Snitt A-A gjennom høgste skjeringa

Prinsippet for utforming av den høge fjellskjering etter masseuttaket for å dempa fjernverknaden er delvis tilbakefylling av skrotmassar eller andre tilførte lausmassar. Hellingsgrad kan variera, men mest mogleg av ny fjellskjering bør tildekkast og overgang topp/botn fylling avrundast. Planforslaget er å tilføra vegetasjonsdekke og tre som del av avbøtande tiltak.

Så langt som råd bør det nyttast naturleg revegetering. Om ein har for lite stadeigne massar til naturleg revegetering av heile området må området på pallar prioriterast, spesielt øverst.

Ytterst på kvar «palle» skal det vera minst 4 meter teoretisk brei sikringsone for steinnedfall fri for lausmassar og vegetasjon.

På nederste nivå skal ei sone (3,5m) settast av til fanggrøft for rydding av stein frå steinsprang (nedfall av stein i fjellskjeringane). Eventuell vegetasjon plantast i ytterkant av sone (nærast byggearealet).



Figur 13 Snitt A-A langs rygg mellom skogsveg og industritomt

Prinsippet for utforming av terrenget ved lågaste masseuttaket (nærast kommunevegen) er tilbakefylling med lausmassar med hellingsgrad ca. 1:2. For skogsveg kan helling vera maks 1:1,5.

Overgang topp og botn fylling bør avrundast.

Det skal tilførast vegetasjonsdekke og tre som del av avbøtande tiltak for landskap.

Med utforming som skissert er det forslag om at «industrigrjerde» langs denne ryggen vert plassert i omsynsgrensa (overgang til industritomta) slik at heile «ryggen» langs skogsvegen ved etterbruk står fram som felles område med skogsveg i kombinasjon med turveg til Risesetra.

Av omsyn til nærområdet elles så må alle aktivitetar følgje lover og føresegner med omsyn til forureining, støy, støv og liknande og ein del av dette er spesielt teke inn i planføresegnene.

2.8.2 Trafikkareal og teknisk infrastruktur


Vegareala er regulert i tråd med gjeldande reguleringsplanar både når det gjeld breidde og utforming. Forlenging av Strandvegen inn til bustadhusa i vest er regulert til 5 meter i planforslaget, noko som er ca. 1 meter breiare enn i gjeldande plan. Tilkomstvegen til gravplassen (i plankart 2) er også regulert til 5 meter. Starten av sistnemnde veg skal fungere som ny tilkomst for industritomta. Både vegkryss med fylkesvegen og starten på kommunevegen er i planforslaget dimensjonert for dei største planlagde vogntoga opptil 26 meter lengde. Plassering og avkøyrseil inn til industritomta er planlagt for at vogntog (opptil 26 meter lengde) kan stoppe i heile si lengde på kommunevegen før avkøyring startar.

Etter offentleg ettersyn er mykje av trafikkareala blitt innarbeidd i ny reguleringsplan for fylkesvegen og elles er areal innanfor plankart for Brevika industriområde blitt justert tilpassa reguleringsplan for fylkesvegen.

Masseuttaket har fått godkjenning på bruk av avkøyrseil til fylkesvegen i gjeldande reguleringsplan. Strandvegen ned til småbåthamna (nord for regulert kommunal veg) og noverande tilkomst frå kommunal veg og vestover til naustrekka vert oppretthalden så lenge småbåthamna og naustrekka fram til dette vert erstatta på ny stad i kommunen. Etterpå vert desse tilkomstane privat grunn for industritomta.

Planforslaga legg ikkje opp til endringar i eksisterande vegsituasjon, med unntak av at avkøyringa under masseuttaket frå fylkesvegen blir stengt og industritomta i plankart 2 får berre ei avkøyring frå kommunal veg (som går til gravplassen på Rise).

I samband med søknad om godkjenning av masseuttak langs fylkesvegen har vegvesenet i brev 07.03.2018 sett som vilkår ein «jordvoll som rekkverk» mellom fylkesvegen og masseuttaket. Denne vollen vert vidareført i planforslaget også for framtidig industritomt.



Figur 14 Prinsippssnitt for voll langs fylkesvegen

Planområde 1 er generelt knytt til kommunalt VA-anlegg og vidare utbygging vert knyta til det kommunale VA-anlegget etter kvar utbygging.

Kommunen har tilrettelagt VA-anlegg fram til planområde 2 og det nye industriområdet vert føresetta kopla til dette.


Bekkeløp og overvatn elles inn i planområdet vert generelt ført fram til fjorden etter same løp som i dag (eventuelt med forlenging ved ny fylling i sjø).

Auka overvatn frå tak på bygning og tettare flater i terreng vert ført til eksisterande bekkeløp, røyr, stikkrenne og liknande.

SFE forsterkar no linjenettet (og straumforsyning) frå sentrum og forbi Breivika dimensjonert for planlagt utbygging i området.

2.8.3 Grønstruktur

Det er i plankart 2 planlagt skogsveg i kombinasjon med ein turveg frå kommunale vegen til gravplassen. Denne skal erstatte eksisterande turveg som går gjennom planområdet sidan det skal takast ut bergmassar og etablerast næringsareal der turvegen (stien går i dag). Den nye traseen er regulert med 5 meter breidde og skal framleis sikre ålmenta turveg frå sentrum til Risesetra. Nedanfor er utsnitt som viser planlagt skogsveg utanfor plangrensa og det er tenkt at turvegen skal følgje denne til ein når eksisterande natursti.



Figur 15 Stipla linjer viser trase for planlagt skogsveg utanfor planområdet .

2.8.4 Omsynssoner

Frisiktsone

Siktrava er teke omsyn til gjennom sikringszone 140 – friskt i alle avkøyrslar.

Omsyn landskap

Innanfor industriformålet i plankart 2 er det lagt inn ei omsynssone som særleg skal omsyn til landskapet (omtalt nærare framanfor under punkt 3.3). Omsynssona er utforma i samarbeid med ingeniørgeolog som har utarbeid geologirapport, der ein også tek omsyn til bergtype og nødvending sikring mot steinfall i skjeringane.

Omsyn ras- og skredfare og sikring steinsprang (steinfall)

I plankart 2 er det lagt inn ei omsynssone for steinfall på topp ny fjellskjering og attverande berghamrar. Formålsgrense er sett ut frå at naturleg plassering av sikringsgjerde, men sikringsgjerde kan setjast i sikringssona nærmare ny fjellskjering og attverande berghamrar om dette er meir naturleg og ønskeleg.

I revidert planframlegg er omsynssone for steinfall topp ny fjellskjering og for sikringsgjerde teke ut. Det er føresett at sikringsgjerde skal kunne setjast opp LF-område..

2.9 Geoteknisk vurdering inklusiv skredvurdering


2.9.1 Grunntilhøve plankart 1

Det er utført geotekniske undersøkingar for oppfylling av landområdet, i sjø og for byggverk planområde 1. Generelt har planområde 1 på land og i sjø stabil grunn, men det må gjerast meir undersøkingar til detaljprosjektering for utfylling i sjø.


Geoteknisk rapport for reguleringsplanforslaget oppsummerer følgjande:

Stabilitetsvurderingar med antatt friksjonsmateriale viser at fyllingsfronten er stabil med skråningshelling på 1:1,3.

- For å vurdere gjennomførbarheit og kostnader må grunnforholda kartleggast i detalj med supplerande boringar i den nordlege delen av planområdet 1A (BKB1) og for heile planområdet 1B (BKB2).
- Supplerande grunnundersøkingar skal kartlegge lausmassemektigheit og avdekke om det er kohesjons-, og/eller friksjonsmateriale under sjøbotnen.
- Fyllinga må detaljprosjekterast inkl. løysingar for ev. kaifront.
- Detaljprosjekteringa vil avgjere massebehov i stabile sjøfyllingar samtidig som at stabilitetsvurderingar ved masseuttaket avgjer kor store volum som er tilgjengeleg innanfor skisserte plangrense.



Figur 16 Beregningsprofil og undersøkingsområde for supplerande grunnundersøkingar.



Figur 17 Beregningsprofil og undersøkingsområde for supplerende grunnundersøkingar

Geotekniske tilhøve er meir utfyllande omtalt under punkt 2.3 Industri/lager.

Faresonekartlegging av Bremanger kommune i regi av NVE har vurdert planområde 1 til å ha akseptabel risiko for skred i forhold til tryggleiksklasse S1, S2 og S3. Norconsult har difor ikkje vurdert skredfaren for dette planområdet.

Det vert vist til planomtalen punkt 1.3 om at forslagsstillar har valt å trekke planområde 1B (BKB2-område) ut av plankart 1. Det vil sei at omtalen her for planområde 1B (også omtalt som småbåthamna) ikkje er relevant i planforslaget godkjent av kommunestyret.

2.9.2 Geotekniske vurdering inklusiv skredvurdering og uttak av berg i plankart 2

Planområde 2 har i hovudsak fjell i dagen og litt vegetasjonsdekke med skog. I nord-austre hjørne har planområdet noko ukjent djupne med lausmasse, men reknar med djupne berre inntil nokre meter. Generelt vert det føresett at all lausmasse for nytt industriområde vert fjerna ned til fjell og brukt til etablering av ny vegetasjon i masseuttaka forklart i punkt 2.3 (Indistri/lager).

Ut frå dette er vurderinga at geotekniske tilhøve er gode for oppføring av bygg i planområde 2.

Derimot er skredfare i område utfordrande og utfyllande omtalt under punkt 2.3 Industri/lager.

Berggrunnen i planområde 2 består av ei massiv og kompetent sandstein som vurderast som veileigna til masseuttak for fylling i sjø. Difor er det svært god samhandling og økonomisk vinst ved å samordna tomteopparbeiding i begge planområda samtidig.

3 Utgreiing i samsvar med forskrift om konsekvensutgreiing

Det vert vist til planomtalen punkt 1.3 om at forslagsstillar har valt å trekke planområde 1B (BKB2-område) ut av plankart 1. Det vil sei at konsekvensutgreiingane som omtalar tilhøve for planområde 1B (også omtalt som småbåthamna) er ikkje relevant i planforslaget godkjent av kommunestyret.

ROS-analysen er blitt revidert som følgje av at planområde 1B er trekt ut av planområdet, men ikkje konsekvensutgreiingane.

Planforslaga er ikkje i tråd med overordna plan, og utløyser difor utgreiingsplikt etter forskrift om konsekvensutgreiing av 1.1.2015 §§ 3,d og 4.

Formålet med føresegnene om konsekvensutgreiing er i følgje forskrift til plan- og bygningsloven: «å sikre at hensynet til miljø og samfunn blir tatt i betraktning under forberedelsen av planer eller tiltak, og når det tas stilling til om, og på hvilke vilkår, planer eller tiltak kan gjennomføres».

Ved utlegging av planforslaget til offentleg ettersyn skal det gjerast greie for konsekvensane av planforslaget. Ved behandling og vedtak av plan skal det gjerast greie for korleis konsekvensutgreiinga og uttalene til denne er vurdert og tatt omsyn til, i tillegg til å vurdere og eventuelt stille vilkår for gjennomføring og krav om oppfølgjande undersøkingar.

Som ein oppfølging av fastsett planprogram er følgjande tema konsekvensutgreidd:

- Landskap
- Nærmiljø og friluftsliv
- Naturressursar
- Forureining
- Biologisk mangfald, naturverdiar

I dette kapitelet er essensen trekt ut av den enkelte konsekvensutgreiing. For meir inngåande presentasjon av konsekvensane vert det synt til deltemarapportane.

I utgreiingane er det brukt i ein fase der planområde (og plankart 1) blir nemnt som «plan 1» og tilsvarande for planområde 2.

Volumet til fylling sjø (i plankart 1) er blitt vesentleg redusert som følgje av at fylling i småbåthamna ikkje er med i godkjent reguleringsplan. Masseoverskotet i plankart 2 er også blitt redusert av to grunnar:

- *Mesteparten av ny fylkesveg blir planlagt utanfor eksisterande veg og inn på tidlegare plankart 2*
- *Industri/lagerareal i vestre hjørne nærast fylkesvegen vert redusert slik at det vert større avstand til bustadene på nordsida (nedsida) av fylkesvegen*

Volumet til redusert fylling i plankart 1 (utanom småbåthamna) til kote +4,5 er rekna til om lag 300.000-350.000 tm^3 . Botnforholda må kartleggast meir og planføresetnader for fylling må avklarast meir slik at volumet for fylling framleis er usikkert. Volumet er utrekna frå kart før fyllingsarbeid starta 2017-2018 med andre massar enn frå plankart 2.

Masseoverskotet i plankart 2 vert lite endra innanfor regulert industri/lagerareal (inkludert landskapszona) og teoretisk rekna til om lag 350.000-400.000 tm^3 . Her er usikkerheit mest på kartgrunnlaget og kor mykje lausmasse som må skiftast ut i nord-vestlege del av byggearealet (i BKB4).. Planforslaget til offentleg ettersyn inkluderte fylling i småbåthamna og medførte samla eit

underskot 200.000-250.000 tfm³. Vedteken plan gjev sannsynlegvis samla masseoverskot på om lag 100.000-150.000 tfm³. Med bortfall av utfylling i småbåthamna i vedteken reguleringsplan vert samla masseoverskot disponibelt til meir areal er tilgjengeleg for fylling i Breivika.

3.1 Landskap

NIBIO sitt nasjonale referansesystemet for landskap i Norge klassifiserer landskapet i området som «Landskapsregion 21 Ytre fjordbygder på Vestlandet», innan underregionen «21.8 Hornelen». Vidare har Aurland Naturverkstad (rapport 07-2009) kartlagt landskapet i ytre delar av Sogn og Fjordane, der området er klassifisert som landskapstype «LT21-02 Småfjord og storsund», og der verdien av Landskapsområdet 21T02-06 (Nordgulen) er vurdert som «representativt/vanleg førekommande landskap».

Fjordbotnen er vurdert som influensområdet for tiltaket, dvs. der ein del av eller heile tiltaket kan verte enten direkte råka av, eller vere synleg frå. Vi har delt det samla influensområdet i ytre fjordbotn (underdelt i nordleg og ein sørleg del), og indre fjordbotn med Svelgen sentrum, Verftet m.m., samt Botnen, som er eit særlege, godt avgrensa landskap innan influensområdet for tiltaket, sjølv om det ikkje er visuell kontakt i dag. Det er den sørlege delen av ytre fjordbotn og Botnen som vert omhandla vidare.

Området vist på figuren under er, som del av ein fjordbotn, tett på tettstaden Svelgen. Landskapet her er eit eksponert/synleg blandingslandskap mellom sterke, dominerande naturelement som open sjøflate med den grønne skogkledde fjellsida bak, og tettbygde område med einebustader og næringsområde med ein del store bygg og planerte, men i dag ikkje utnytta steinflater.

Inndeling av området er gjort med utgangspunkt i topografi, arealtype, vatn, geologiske formasjonar og vegetasjon. Det indre influensområde er i utgangspunktet Breivika, med sjøflata og omkringliggende grønne fjellsider – i kontrast til dei utbygde eller utfylte/planerte områda omtalt over. Spesielt næringsområda utgjør ein såpass stor kontrast til naturelementa, at skiljet mellom desse er viktigaste grunnlag for inndeling av delområde.

I tillegg til vurdering av visuell verknad av elementa i delområder sårbarheit, i hovudsak med utgangspunkt i eksposisjon («synlegheit»). Her er det mest nyanseskiller, men det er likevel eit vurderingselement at nokre områder er meir og nokre litt mindre synlege.



Figur 18 Influensområdet (Ytre fjordbotnen, sørleg del, og Botnen) er delt inn i 7 delområde. Desse er einskilde verdivurdert.

Samla er tiltaket vurdert til å få konsekvens **liten til middels negativ**, der konsekvensane er vurdert som like store for planområde 1 og 2.

Utfylling av område 2b (småbåthamna) er ikkje med i vedteken reguleringsplan, men endrar i liten grad vurderinga for landskap.

3.2 Nærmiljø og friluftsliv

Planområde 1

Det blir lagt til rette for utviding av næringsarealet ved utfylling i sjø i nordre og austre retning. Utfylling i sjø vil krevje om lag 250.000 m³ og om lag 100.000 m³ ekstra til oppfylling til byggeklar tomt.

*Utfylling av område 2b (småbåthamna) i figur 18 er ikkje med i vedteken reguleringsplan, slik at omtale og konsekvensane for nærmiljø, bustadområde, ferdsel på sjø har mindre konsekvensar. Konsekvensvurdering i tabell 3 (nedanfor) for **Planområde 1B** er såleis ikkje relevant for vedteken reguleringsplan og den totale konsekvensvurderinga i tabell 4 noko mindre..*

Strandsona er godt utbygd, og det som endå er urørt er vanskeleg tilgjengeleg som følgje av terreng og topografi med tett vegetasjon.

Verknadane for tiltaket er størst for bustadområda og ferdsel på sjø i samband med utfyllinga. Dette i tillegg til at småbåthamna er føresett flytta vil endre tilgang til og bruk av området for innbyggjarane når tiltaket blir realisert. At småbåthamna blir flytta er mest til ulempe for dei som har båtplass.

Ei småbåthamn blir mest brukt av dei som har båtinteresse, anten tilreisande som har båt, eller fastbuande som har båtplass.

På bakgrunn av føreliggande informasjon er tiltaket vurdert å påverke areal som er viktig for friluftsliv, og tiltaket er samla vurdert til å ha eit **lite til middels negativt omfang** for nærmiljø og friluftsliv.

Planområde 2

Halvparten av området er i dag regulert til industri og friluftsområde. Det nye regulerte området for industri vil ved opparbeiding få stort masseoverskot, om lag 400.000 m³. Masseoverskotet er planlagt brukt som uttaksområde for stein til utfylling av sjøområdet i Breivika. Planlagt etterbruk er næring med industri/lager. I planen vil noverande regulerte friluftsområde med gjennomgåande sti bli foreslått flytta til utkanten av planområdet.

Tiltaket vil i stor grad endre bruken av området då området som er regulert til friluftsområde blir omdisponert til næringsareal, samt at turvegen blir flytta sidevegs 30 til 60 meter dei første om lag 300 meter frå kommunal veg. Dette medfører negativt omfang for friluftslivet knytt til turområdet. Som avbøtande tiltak blir det lagt ny trase lenger sør (30-60 meter i om lag 300 meter lengde) med sikte på å erstatte dagens sti til Risesætra. Stien vil bli lagt i same trase som planlagt skogsveg og sikrar føremålet om tilgjenge for ålmenta. Det er sett av ei omsynssone langs terrengrygg i planområdet slik at turvegen få ein avskjerma lokasjon i forhold til tiltaksområdet for industri. Utsiktsmessig vil ikkje starten av den nye turvegen vere fullgod erstatning for den opphavlege stien som går langs høgare terrengrygg, men den vil bli skjerma for støy frå trafikk på fylkesvegen og det nye næringsarealet.

Areala som ligg nærmast tiltaket vil truleg bli påverka av forureining i form av støy og støv, spesielt i tida med masseuttak og tomteopparbeiding generelt. Dette gjeld spesielt gravplassen som ligg nærast

tiltaket. Gravplassen er allereie i dag utsett for støy og støv frå fylkesvegen, og vil bli meir utsett for dette i anleggsperioden ved masseuttak og tomteopparbeiding. Uttak av masser vil føregå i eit avgrensa tidsrom. Støy- støvulemper etter at næringsområdet er utbygd vil avhenge av kva for næringsverksemd som vert etablert i området, og korleis terrenget vert utforma mellom arealet og gravplassen.

På bakgrunn av føreliggande informasjon er tiltaket vurdert til å påverke areal som er viktig for friluftsliv, og tiltaket er samla vurdert til å ha eit **middels til stort negativt omfang** for nærmiljø og friluftsliv.

Tabell 3 Konsekvensvurdering for dei einssilde områda

Tiltak	Omfang	Verdi	Konsekvens	-	0	+
Plan 1A	Liten	Liten	Liten negativ (-)	_____▲		
Plan 1B	Stort	Middels	Middels til stor (--/---)	_____▲		
Plan 2	Middels til stort	Middels	Middels til stor negativ (--/---)	_____▲		

Tabell 4 Konsekvensvurdering for begge områda samla sett

Variant	Omfang	Verdi	Konsekvens	-	0	+
Begge planane	Middels til stort	Middels	Middels til stor negativ (--/---)	_____▲		

Opp mot 0-alternativet er planforslaget samla sett vurdert å gi middels konsekvens for nærmiljø og friluftsliv.

Samla vurdering og avbøtande tiltak

Samla er tiltaket vurdert til å få konsekvens middels negativ, der konsekvensane er størst for planområde 2.

Avbøtande tiltak vil vere å la terrenget utgjere skjerming mot omgjevnadane ved etablering av næringsområdet i planområde 2. Alternativ turveg blir innarbeidd i planforslaget og deler av terrenngryggen vert oppretthalde og vil framleis gje skjerming mot gravplassen.

3.3 Naturressursar

På land er det ikkje registrert spesielle naturressursar i nasjonale databasar. I rapporten for Miljøundersøking og KU for naturmiljø i sjø handlar såleis berre om naturressursar i sjø. Stein er sjølvstakt viktig ressurs, men ikkje noko spesielt for Bremanger. Rapporten frå ingeniørrapporten nemner likevel at fjellet i plankart 2 har gunstig form for utsprenning i dagen og at fjellet har svært godt

kvalitet for utfylling i sjøen med lite finstoff. I tillegg til kort transport så utgjør steinmasse i plankart 1 ein viktig ressurs for utbyggar av næringsområde i plankart 1.

Gytefelt¹ for kysttorsk i Gulafjorden vart registrert i 2015 av Havforskningsinstituttet i samband med nasjonalt program for kartlegging av marint biologisk mangfald, og er verdsett til B, regionalt viktig. I vurderinga av gyteområdet sin verdi er gytebasseng med nærleik til gode oppvekstområde, f.eks. ålegraseng gitt spesielt viktigheit.


Feltet har middels eggrettleik og høg retensjon. Grad av retensjon er mål på opphoping av egg i gyteområdet. Høg retensjonsgrad kan føre til tydelege populasjonsstruktur ved at spreing av egg (og dermed genetisk utveksling) blir avgrensa. Eit område med høg retensjon vil dermed ha større risiko for skade som følge av inngrep.

Produktive områder for rekruttering er særskild viktig for kysttorsken. Dei unge stadium (egg og larver) er følsame livsstadium for fisken og det er i slike periodar dei er mest sårbare for endra miljøforhold. Då er beskyttande kystområde, som innerst i fjordarmar, pollar, våger og bukter viktige. Slike område har både eigna gyteplassar og oppvekstområde med rikeleg mattilgang og skjul for predatorar. Oppvekstområde som nyttast av torskeyngel er vanlegvis grunne områder, dekkja av tare eller ålegras. Kysttorsk er særskild stadbunden, og lokale bestandar er difor sårbare for inngrep i deira leveområde.

Gytefelt er funksjonelle i avgrensa periodar gjennom året. Dette medfører at inngrep i området ikkje nødvendigvis forringar verdien av det. Inngrep utanfor eit gytefelt, men innan ein gyteperiode, kan på den anna side også påverke verdien dersom det forstyrar fisken eller fører til endringar i spreing av egg i området. Det er difor særskild viktig å ta omsyn til både tidspunkt, omfang og effekt av inngrep i og rundt fungerande gytefelt.

Påverknad av ålegraslokalteter vil difor også kunne ha stor innverknad på gyteområde.

Det er i tillegg registrert eit gyteområde for torsk i tiltaksområdet, vist i neste figur (nedanfor). Dette området er av regional viktigheit. Det er også registrerte fiskefelt for reke der det blir nytta sputniktrål (Fiskeridirektoratet 05.05.2017).



Figur 19 Gyteområde for torsk. Kjelde: fiskeridirektoratet.no


¹ Gytefelt er eit nøkkelområde for reproduksjon av fisk.

Sett i sammenheng med det totale arealet for gyteområdet i Gulenfjord vil tiltaket beslaglegge eit lite areal. Men om akkurat det arealet som vert beslaglagt er eit viktig nøkkelområde må det likevel vurderast som eit betydeleg inngrep. I dette tilfellet er det ålegrasområde som kan forsvinne. *Utfylling i ålegraslokaliteten i småbåthamna (vist med raud ring i figur 19) er ikkje med i vedteken reguleringsplan på grunn av motsegn, men forslag til avbøtande tiltak ved utfylling i sjø elles er likevel relevant og teke med i føresegner til planen.*

Eit avbøtande tiltak kan vere å vurdere omfanget av utfyllinga slik at det ikkje rører denne lokaliteten. Det er viktig at anleggsaktiviteten blir lagt utanom torsken sin gyteperiode for å avgrense negative effektar.

Den mest sårbare perioden er januar – april, men sidan larvane også kan bli påverka negativt av auka partikkelmengde i vassmassane, anbefalast det å utvise varsemd fram til juni. I anleggsfasen vil utfyllingsarbeid også føre til oppvirvling av sediment, og potensielt også tilførsel av finstoff med utfyllingsmassane. Det blir tilrådd at aktiviteten blir avgrensa til ein periode når effekt på gyting og produksjon i fjorden er forventa å vere minst (dvs. haust-tidleg vinter).

Retensjon av egg i seg sjølv blir rekna med lite endra. Området sin eigenskap som gyteplass er i hovudsak basert på tap av ålegrasområdet. Avgrensinga av gytefelt er vanskeleg å foreta nøyaktig, og området sin funksjon som rekrutteringsområde for kysttorsk vil også vera avhengig av nærleik til eigna oppvekstområde. I fjordområdet som heilheit er det registrert andre ålegrassamfunn som må forventast å ha same funksjon for gyteområdet som ålegraslokaliteten i Breivika. Det er totalt 14 ålegraslokalitetar som er registrerte i databasen Naturbase (som vist på kart i neste figur).



Figur 20 Registrerte ålegrasområde (raud) innanfor gyteområde Gulenfjord (blått). Planområda er vist med svart skravering

Utfyllinga vil føre til direkte arealbeslag i delar av område som er registrert som regionalt viktig gyteområde for torsk. På grunn av tiltaket sin påverknad for ålegraslokalitet i Breivika vil tiltaket samla sett ha liten negativ påverknad for gyteområdet i Gulefjorden.

Miljøriskovurderinga viser at tiltaket kan føre til spreining av forureining frå tiltaksområdet, og det er tilrådd avbøtande tiltak knytt til dette. Tiltaket vurderast å ha liten-middels negativ påverking

for vassførekomsten.

Avbøtande tiltak

Generelt bør ein unngå perioden januar til april for å ta omsyn til gyteområdet for torsk i fjorden. Av omsyn til plante- og dyreliv, friluftsliv og rekreasjon, tilrår Miljødirektoratet som ein hovudregel at tiltak i sjø ikkje blir tillate i perioden 15. mai til 15. september. Det blir tilrådd at ein utfører eit av følgjande tiltaksalternativ for å avgrense forureiningsspreiing med partiklar.

- Siltgardin med gode flytelenser saman med oppsamling av plast innanfor lensen
- Beskyttande lag med sand før utfylling saman med utfylling utanom gyteperioden i fjorden kan nyttast viss platen kan fjernast før massane blir tømt i fjorden

3.4 Forureining

Vassførekomsten Nordgulen (0282010400-C) har moderat økologisk tilstand, men oppnår ikkje god kjemisk tilstand. Den kjemiske tilstanden skuldast forhøgde konsentrasjonar av enkeltforbindingar PAH og PCB, samt TBT, kvikksølv og bly målt i vassførekomsten. Vassførekomsten har difor middels verdi.

Det er fleire kjende forureiningskjelder ved områda. På nettstaden Vann-nett er den økologiske tilstanden i Nordgul-fjorden karakterisert som moderat. For betre tilstanden er det krav om utsleppsreducerande tiltak samt tilknytning av separate utslepp til kommunalt nett.

Planområde 2 opnar for uttak medan planområde 1B skal legge til rette for utfylling (sprengt stein). Utfylling kan føre til partikkelspreiing og tilførsel av nitrogenforbindingar frå sprengstoff. Forureining i sediment i utfyllingsområdet kan ha økonomiske konsekvensar for tiltak som reduserer miljørisikoen for spreiring frå sediment under utfylling. I tillegg vil det kunne ha konsekvensar for naturmiljøet i sjøen, og eventuell spreiring av forureining til mindre forureina lokalitetar.

Det er ikkje kjent om det er gjennomført undersøkingar i sjølve utfyllingsområdet tidlegare, men det blir gjennomført miljøovervaking i samband med utslepp frå Elkem, der ein har prøvestasjonar liggande utanfor Breivika.

Det er vurdert kva og kven som kan vere støyutsett for brotet etter krav til støy nedfelt i forureiningsforskrifta § 30-7, tabell 2. Støykrava er tilsvarande som for industri utan heilkontinuerleg drift i planretningslina T-1442.

Krav til støy gjeld for all ordinær verksemd, inkludert intern transport på området og lossing og lasting av råvarer og produkt.

Utfyllinga er oppgitt av Breivika Eigedom AS til å utgjere 30 daa (30.000 m²). Tiltaket fell dermed inn under mellomstore tiltak jf. vegleiar M-409/2015.

Utfylling i sjø er ikkje regulert i forureiningsforskrifta. Behovet for løyve til utfylling skal vurderast etter forureiningslova § 8 tredje ledd. Ved fare for forureining, for eksempel ved utfylling der sedimenta på utfyllingslokaliteten er forureina eller ved utfylling med bruk av forureina massar, krevst det løyve etter forureiningslova § 11. I tillegg må tiltakshavar ha løyve frå kommunen iht. plan- og bygningsloven for å gjennomføre utfyllingstiltak i sjø.

Området høyrer til vassførekomsten Nordgulen (0282010400-C) som har moderat økologisk tilstand, og er vurdert å ikkje oppnå god kjemisk tilstand. Den kjemiske tilstandsvurderinga skyldast for høge konsentrasjonar av enkeltforbindingar av PAH og PCB, samt TBT, kvikksølv og bly målt i vassførekomsten. Vassførekomsten tilhøyrar gruppa ferskvasspåverka beskytta fjord. Det er oppgitt at vassøyla er delvis lagdelt, at opphaldstid for botnvatn er moderat (i veker) og strauhastigheit svak (< 1 knop) (Vann-nett, 05.05.2017).

Utfyllingsmassane er planlagt å kome frå planområde 2, og er difor lokale. Ingeniørgeologundersøking viser at dei lokale massane er godt eigna til utfylling i sjø.

Følgjande risiko for spreieing av forureining frå sprengstein er identifisert:

- Utlekkingspotensial med omsyn til metall
- Partikkelspreiing
- Plastforureining
- Utlekking av syre
- Sprengstoffrestar
- Partikkelspreiing

Bergarten i området som massane blir henta ut frå er devonsk sandstein/konglomerat. Iht. SVV rapport 389 «Bergarters potensielle effektar på vassmiljøet ved anleggsverksemd», er dette ein hard bergart, og ein forventar ikkje danning av fibrige nåleforma partiklar (som ved knusing av blaute bergartar som kleberstein, grønstein etc.).

Hovudmineralar (3) i sandstein, konglomerat er kvarts og alkalifeltspat. Aksessoriske (1) minerala er biotitt, muskovitt og sulfid (pyritt/ pyrhotitt). Rapporten anbefalar middels-høg aktsemd i forhold til resipient ved partikkelformer i sprengt materiale av desse mineralemnene. Sulfid kan føre til skade i vassmiljø pga. syredanning og sur avrenning. Sulfid produserer også svovelsyre når dei blir oksidert og kan løyse opp og mobilisere dei fleste tungmetall. Sidan dette er lokal bergart vil knusinga og utfyllinga føre til at utlekking vil gå raskare enn naturleg, men det vurderast at resipienten er så stor at dette ikkje vil gi uakseptabel miljørisiko.

Det er knytt uakseptabel miljørisiko til spreieing av partikkelbunden forureining frå sediment som kan bli spreidd ut av tiltaksområdet og føre til negativ påverknad i gyteområdet for torsk. Det bør difor vurderast tiltak for å avgrense denne spreieinga i ein tiltaksplan.

Plastforureining

Sidan det er planlagt at massane skal sprengast ut i dagen er dett forventa mindre sprengstoffrestar og plastforureining i massane enn om dei kom frå tunneldriving. Det blir forventa at synleg plast blir samla opp før massane vert brukt til utfyllingsmasse. Men noko vil følge med fyllmassane.

Konklusjon

Det er knytt uakseptabel miljørisiko til spreieing av partikkelbunden forureining frå sedimentet, som kan bli spreidd ut av tiltaksområdet og føre til negativ påverknad i gyteområdet for torsk. Det bør difor vurderast tiltak for å avgrense denne spreieinga i ein tiltaksplan. Vidare bør plastforureininga minimerast.

Avbøtande tiltak

Avbøtande tiltak blir samanfallande med føregåande punkt om naturressursar. For å avgrense forureiningsspreiing med partiklar blir tilrådd eit av følgjande tiltaksalternativ:

- Siltgardin med gode flytelenser saman med oppsamling av plast innanfor lensen
- Beskyttande lag med sand før utfylling saman med utfylling utanom gyteperioden i fjorden kan nyttas viss platen kan fjernes før massane blir tømt i fjorden.

Stasjonære anlegg skal utformast slik at terrenget og brotkanten samt vegetasjon i størst mogleg grad vil skjerme aktivitetane i brotet og hindre direkte innsyn frå naboar. Mobile/midlertidige verksemdar skal skjermast mot innsyn og støy med vollar/lagerhaugar etter kvart som pukk/masser blir tatt ut.

3.5 Biologisk mangfold, naturmiljø

3.5.1 Marint naturmiljø

Etter søk i Artsdatabanken er der ikkje registrert funn av raudlisteartar i sjøområdet.

Det er registrert ålegraseng. Denne naturtypen er ikkje truga i Norge, men har hatt ein sterk nedgang globalt. Lokaliteten i området er verdisett til svært viktig (A) etter Direktoratet for Miljøforvaltning sine handbøker. Grunnen til verdisetjinga er fordi den overlappar med eit gyteområde for torsk, og har difor viktig funksjon som oppvekstområde. Enga kan vere betrakta som eit nøkkelområde for gyteområdet for torsk.

Ålegras er marine blomsterplanter. Ålegrasenger er eit habitat² rikt på flora og fauna, og enkelte av artane er særigne for naturtypen. På sjølve ålegraset lever det ein rekke forskjellige dyr og algar, og engene fungerer som skjulestad, oppvekstområde og «spiskammers» for blant anna sniglar, fisk og krepsdyr. Dei er også viktige næringsområde for ender og svaner.

Sidan undervasseng består av plantar som krev lys for å overleve er dei følsame både ovanfor auka partikkelmengde i vassmassane og ovanfor auka sedimentering. Dersom ålegras forsvinner fra eit område har det negative konsekvensar for lokal flora og fauna, fordi dei utgjør viktige habitat og fordi enkelte artar er særigne for biotopane³.

Undervassengene er meir robuste ovanfor redusert lystilgang på vinteren samanlikna med på sommaren, og i forhold til bevaring av desse er den generelle anbefalinga at tiltak blir begrensa til vinterhalvåret.




Figur 21 Utsnitt av kartet i Artsdatabanken. Registreringane i sjø er artar som er livskraftige, kategori LC.

² Ein plante- eller ein dyreart sitt føretrekte opphaldsstad.

³ Ein stad der levande organismar held til, som ålegraseng.

Utfyllt område vil skje i eit område der det finst ein registrert ålegrasførekomst, og denne er tilknytt eit regionalt viktig gyteområde for torsk. Ålegrasenga er sannsynleg yngleområde for larvar og småfisk, og kan vere eit nøkkelområde for dette gyteområdet. Ålegraslokaliteten vil dekkast av utfyllingsmassar, og ein vil ikkje forvente at denne kan restituerast igjen. Planlagt tiltak inneber at ålegraslokaliteten i Brevika vil gå tapt som direkte følgje av utfylling. Tiltaket vil difor ha stor negativ påverking på denne naturverdien lokalt.

Iht. Miljødirektoratet sin kartdatabase er det registrert ålegras innanfor tiltaksområdet. Dei andre naturverdiane som er registrert i Naturbase vurderast til å ikkje bli direkte påverka av tiltaket på bakgrunn av avstanden til det aktuelle området. Ålegras er rekna som viktige marine økosystem og utgjør viktige næringsområde for fisk og fugl.



Figur 22 Kart som viser naturverdier i sjø (ålegras og gyteområde for torsk) saman med ca planområde (svart linje)

Avbøtande tiltak

Eit avbøtande tiltak kan vera å vurdere omfanget av utfyllinga slik at det ikkje rører ålegras-lokaliteten i småbåthamna.

I vedteken reguleringsplan så er planområdet med utfylling i småbåthamna ikkje med i plankartet og såleis rører fylling i sjø ikkje direkte ålegraslokaliteten.

3.5.2 Akvatisk naturmiljø

Det renn eit par mindre vassdrag gjennom planområde1. Det austre vassdraget har ein feltstørrelse på 1,54 km², medan det vestre har ingen feltparametre så det er ein del mindre. Avrenninga til det austre er oppgitt å vere 3152 mm/år, noko som gir ein uskalert berekna middelvassføring på ca. 150 l/s. Slike vassdrag kan ha ein relativt god smoltproduksjon av sjøaure. Det austre vassdraget er lukka i nedre deler og går ut i sjøen.

I og med at vassføringa er liten og strekningane korte vurderast vassdraga å inneha **liten verdi** for akvatisk økologi.

Planområdet sin verdi for akvatisk miljø er vurdert å vere liten, medan tiltaket sin konsekvens er vurdert å vere liten-middels negativ.



Figur 23 Nedre delar av dei små, omtalte vassdraga ligg i planlagt utbygd område (ca plangrense vist med raud linje). Kjelde: finn.no - flyfoto frå 2015

Etter at biletet ovanfor vart tatt i 2015 er det austre vassdraget lukka i planområdet og går i røyr ut i sjøen i samsvar med vedteken mindre reguleringsendring i 2016.

Avbøtande tiltak

Vassdraga som renn gjennom planområdet bør så langt som mogleg haldast opne og eigna for oppgang av fisk. Fjerning av terskelen nemnt i KU-rapporten (i det austre vassdraget) er alt fjerna.

3.5.3 Terrestriske naturmiljø

Det er ingen registrerte viktige terrestriske naturtypar i tiltaksområdet (www.naturbase.no nov. 2017).

I Artsdatabanken sitt artskart er det særst få registreringar frå influensområdet for tiltaket med berre seks registrerte artar totalt. Av desse er fire vanleg førekomande artar (furuglanslav, pelssåtemose, gullhårmose og kustsotmose), ein er framand art og svartelista (hagelupin, svært høg risiko (SE)) og ein er truga (fossegrimemose, sårbar (VU)). Fossegrimemose er imidlertid registrert utanfor planområdet og vil ikkje bli direkte påverka av tiltaket.

Tiltaksområdet vurderast å inneha **liten verdi** for tema naturtypar og artar. Svelgen og omegn har rike førekomstar av ei rekke truga artar, særleg innan artsgruppene mosar og lav. Dei fleste av desse er knytt til vassdrag eller fuktige, skyggefulle berg (mosar), medan lavartane i hovudsak er knytt til eldre barskog. Slike områder finst ikkje i tiltaksområdet.

I artsdatabanken sitt artskart er det særst få registreringar frå influensområdet for tiltaket med berre seks registrerte artar totalt. Av desse er fire vanleg førekomande artar (furugravlav, pelssåtemose, gullhårmose og kustsotmose), ein er framand art og svartelista (hagelupin, særst høg risiko (SE)) og ein er truga (fossegrimemose, sårbar (VU)).

Fossegrimemose (*Herbertus stramineus*) er ei levermose som veks i fossesprøytoner og på fuktige berg i lauvskog og på ytterkysten. Den førekjem i relativt små og glisne bestandar langs foten av ein nordvendt bergvegg. Arten er vurdert som sårbar etter B-kriteriet på grunn av avgrensa førekomstareal, kraftig fragmentering, pågåande reduksjon i kvalitet og areal av arten sitt habitat. Skog- og kystpopulasjonane er små og kan forsvinne pga. tilfeldige hendingar (skred). Lokaliteten for fossegrinekeose er godt undersøkt. I området rundt Svelgen er det mange lokalitet av arten.

Den framande arten hagelupin (*Lupinus polyphyllus*) er rangert med høg risiko i svartelista. Hagelupin utkonkurrerar heimlege artar som har vegskråningar og skogkantar som viktige veksestader. Den påverkar fyrst ved å redusere andre plantar sin tilgang på rom og lys, og så aukar den jorda sitt næringsinnhald slik at meir nitrogenkrevjande og konkurransesterke artar kan etablere seg.

Tiltaksområdet er vurdert til å ha liten verdi for terrestrisk naturmangfald. Den registrerte truga arten fossegrimemose er lokalisert om lag 100 meter sør for sjølve tiltaksområdet. Den nye turvegen er planlagt å ligge om lag 60 meter nord for lokaliteten.

Planområdet sin verdi for naturtypar og vegetasjon er vurdert til å vere liten, og tiltaket sin konsekvens er vurdert til å vere liten negativ.

Det er sannsynleg at det ferdast ein del hjort i influensområdet for tiltaket og at området utgjør ein trekkveg mellom liene på sørsida av Risevatnet og halvøya mellom Nordgulen og Midtgulen. Kongeørn hekker i fjellområda og kvitryggspett er registrert i bjørkedominerte liser. Dei sistnemte artene gjekk ut av norsk raudliste i 2015, men fungerer likevel som signalartar for gode økologiske forhold. Influensområdet vurderast å inneha **middels verdi** for tema.

Hjortetrek er vurdert til å bli lite berørt av ein eventuell gjennomføring av prosjektet. Hjorten er tilpassingsdyktig i forhold til menneskeleg aktivitet og ein utviding i eit område som frå før er prega av trafikkert veg, bustader og næringsområde er vurdert til å ikkje kunne hindre hjorten i å bevege seg som den gjer i dag. Tiltaket sitt omfang for vilt er vurdert som lite negativt, noko som gir liten negativ konsekvens.

Avbøtande tiltak

Dersom det er mogleg er det føremålstenleg om aktiviteten blir heldt utanom hekketid for dei fleste fuglearter, det vil sei perioden 1. mai – 30. juni.

Vassdraga som renn gjennom planområdet bør så langt som mogleg haldast opne og eigna for oppgang av fisk.

Naturmangfaldlova (nml) legg til grunn at naturen skal takast vare på gjennom berekraftig bruk og vern.

Målet for artar i nml § 5 er at artane og deira genetiske mangfald blir ivareteke på lang sikt og at artane førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege utbreiingsområde.

Etter merknad frå fylkesmann med fleire, ved planforslaget til offentleg ettersyn, så er det halde synfaring og utarbeidd detaljert tilleggssrapport utan at det er kome noko ny informasjon utover det som er nemnt i KU-rapporten.

3.6 Anleggsperioden

Uttak av stein og utfylling vil kunne reise utfordringar i anleggsperioden. Utfordringane knytt til den anleggstekniske sida av uttak og utfylling, er føresett ivareteke gjennom HMT-arbeidet. Utfordringane vil både vere knytt til uttak, transport og fylling.

Omsynet til forureining og spreining av eventuell forureina partiklar/sediment er føresett ivareteke gjennom avbøtande tiltak nemnt i KU-rapportar og planføresegner.

For miljøet generelt (luft, nærmiljø, friluftsliv, naboar mm) er det fordel at anleggsperiode i begge planområde og transport ut av masseuttaket frå planområde 2 vert kortast mogleg.

For miljøet er det fordel med felles anleggsperiode for begge planområda og planforslaget legg opp til det.

3.7 Samfunnstryggleik

Risiko for tap av verdiar er knytt til liv og helse, stabilitet og materielle verdiar.

Planområda framstår generelt, med dei tiltaka som er føresett gjennomført i framlegga til områdereguleringsplan, som lite til moderat sårbarbare.

Det er gjennom dette arbeidet identifisert følgjande risikoreduserande tiltak:

Fare	Sårbarheits- og risikoreduserande tiltak
Delobjekt 2: Steinsprang	Ved ev tiltak i den vestlege delen av området (grøntområde) må skredfaren avklarast og bergskjeringane må detaljprosjekterast.
Delobjekt 1: Stabilitet i utfyllingsområde	Grunntilhøva må kartleggast. Basert på informasjon om grunntilhøva i sjøen, må fyllinga detaljprosjekterast.
Delobjekt 1 og 2: Ekstremnedbør og handtering av overflatevatn	Forventningar om periodevis ekstremnedbør krev lokale og gode løysingar for handtering av overvatn. Det er føresett ivareteke gjennom detaljprosjektering av dei tekniske anlegga og utforming av området, samt trygging av naudflaumvegar.
Delobjekt 1: Stormflo	Område femnar om areal i sjø. Bygg må plasserast slik at krava til tryggleik i TEK vert ivareteke. Nivå for stormflo i klasse F2 er kote + 2,3 (NN2000). Alternativet er at tiltak toler overfløyming. Det er gjennom føresegnene til planframlegget føresett ivareteke.
Delobjekt 1 og 2: Farleg gods	Personar i bygg med besøksintensiv bruk bør ha rutinar (HMT) som sikrar evakuering, dersom det vert oppdaga brann eller moglege større ulykke på veg/bane.

I tillegg til ovannemnde er det avdekt fleire risikomoment knytt til bygg og anleggsfasen som er føresett følgt opp gjennom HMT-arbeidet. Funna er kytt til tiltak for å ivareta tryggleik for rammkomme på fv 614, uttak av massar, kontroll av stabilitet av fylling samt arbeid ved og på fyllinga.

3.8 Planretningslinjer og rettslege prinsipp

Følgjande tema er relevant å omtale:

- Retningslinjer i høve forvaltning av strandsona
- Miljøretta prinsipp i naturmangfaldslova
- Nasjonale forventningar
- Lokale utviklingsmål
- Juridiske og økonomiske forhold og rekkefølgekrav

3.8.1 Forvaltning av strandsona

Bremanger kommune fell innanfor kategorien av kommunar med mindre press på areal. Areal i planen som vert rørt av inngrep, er lokalisert innanfor 100-metersbeltet.

Bremanger kommune er plassert i kategorien av kommunar der presset på arealet er avgrensa. Retningslinjene desse områda nær tettstad set meir lempeleg politikk enn i område med uønska utbyggingspress i strandsona.

Heile plankart 1 er innanfor 100-metersbeltet og mesteparten av arealet er regulert til bygningar og anlegg.

Deler av plankart 2 langs fylkesvegen er også innanfor 100-metersbeltet, men er fråskilt frå fylkesvegen og ikkje naturleg del av strandsona.

3.8.2 Miljøretta prinsipp i naturmangfaldslova

Naturmangfaldslova femnar om all natur og alle sektorar som forvaltar natur eller som fattar vedtak som kan ha konsekvensar for natur. Gjennom lova er det, bl.a. innført forvaltningsmål for naturtypar og artar, krav til kunnskapsgrunnlag og rettslege prinsipp for natur (føre-var, samla belasting m.m.).

Formålsparagrafen (§1) i lova har slik ordlyd:

«Lovens formål er at naturen med dens biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfold og økologiske prosesser tas vare på ved berekraftig bruk og vern, også slik at den gir grunnlag for menneskenes virksomhet, kultur, helse og trivsel, nå og i fremtiden, også som grunnlag for samisk kultur.»

Det går av § 8 første leidd i naturmangfaldslova fram at vedtak som rører naturmangfaldet skal bygge på vitskapleg kunnskap om artar sin bestandssituasjon, naturtypar si utbreiing og økologisk tilstand samt effekten av påverknad.

Kunnskapsgrunnlaget bygger på informasjon som er tilgjengelege i nasjonale databasar og uttaler til varsel om oppstart av planarbeidet. Som ein del av utgreiingsarbeidet er det framskaffa informasjon. Det er utført eigne miljøundersøkingar i sjø og det har vore informasjons- og dialogmøte med fylkesmann og fiskeridirektorat basert KU-rapportane for forureining og naturmiljø både i sjø og på land. Etter dialogmøte skal Norconsult innhenta mogleg ytterlegare supplerande informasjon frå Havforskningsinstituttet. Basert på dette og dialogmøte vil det kome revidert rapport eller som nytt vedlegg i revidert KU-rapport før utlegging til offentleg ettersyn.

Dette er følgt opp og innarbeid i revidert rapport datert 06.06.2018 (Miljøkartlegging og KU for naturmiljø i sjø).

Rapporten for KU-naturmiljø (på land) vart utarbeid i november 2017. Fylkesmann har peika på at synfaring ikkje er føreteke som grunnlag for rapporten. Norconsult skal i vekstsesongen kartlegga meir kva som kan finnast av naturtypar og vegetasjon i planområdet. Feltnotat frå synfaringa vil bli nytt

vedlegg til utarbeidd KU-rapport før planforslaget blir lagt ut til offentlig ettersyn. Dette er følgt opp og innarbeid i revidert rapport KU Naturmiljø land, datert 07.06.2018 (som vedlegg).

Det blir gjennomført miljøovervaking i samband med utslepp frå Elkem, der ein har prøvestasjonar liggande utanfor Breivika (i Nordgulfjorden utanfor plankart 1). Med eigne undersøkingar, databasar og mykje anna informasjon er det godt kunnskapsgrunnlag for å vurdere tilhøva for vasskvalitet, gyteforhold og fiske. Ikkje minst er det mykje kunnskap om aktuelle avbøtande tiltak som kan setjast som krav ved godkjenning av tiltak. Avbøtande tiltak vert føreslått innarbeidd i planføresegnene. Vurderingane er i hovudsak:

- Vassførekomsten har middels verdi
- Økologiske tilstanden i Nordgul-fjorden vert karakterisert som moderat. For å betre tilstanden er det krav om utsleppsreducerande tiltak samt tilknytning av separate utslepp til kommunalt nett
- Det blir tilrådd ei rekke avbøtande tiltak for å hindra forureining og dårlegare økologisk tilstand i Nordgulfjorden lokalt og vidare utover i Gulenfjorden

Gjennom utgreiingane er det kome fram informasjon om at det ikkje bør føregå utfylling i fjorden i januar, februar, mars. I perioden 15. mai – 15. september blir det tilrådd tiltak for å hindre skader i marint naturmiljø av omsyn til gyting. Siltgardin med gode flytelenser saman med oppsamling av plast innanfor lense er tiltak for å redusere skadane på naturmangfaldet, jf. § 9 i naturmangfaldslova.

På bakgrunn av det som kjem fram i høve marint biologisk mangfald (i utgreiingane og høyring til planforslaget bør det gjennom tiltaksplan for utfyllingsområdet stillast krav om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar etter § 12 i naturmangfaldlova.

For plankart 1 vil Breivika Eigedom AS og selskap eigd av eigedomsselskapet eller verksemder dei gjer avtale med, vil vera tiltakshavar for tiltaka i plankart 1.

For plankart 2 er det ukjent kven som vil vera tiltakshavar då ein ikkje veit førebels kven som vil etablere seg.

Generelt vert det lagt til grunn at tiltakshavar tek alle kostnader ved gjennomføring av tiltak i planframlegget.

3.8.3 Nasjonale forventningar

Det er forventning om at det skal vera levedyktige («robuste») lokalsamfunn i alle kommunar. Tilrettelegging av nye arbeidsplassar er avgjerande om lokalsamfunn skal vera levedyktige. Her er verksemder med solid økonomi til å realisera store investeringar for å skape nye og arbeidsplassar med god inntening. For å kunne gjennomføra aktuelle investeringsplanar er tilgang til nok areal nødvendig. Generelt har kommunen landskap og mykje naturressursar av høg kvalitet, men topografi gjev store utfordringar.

Her har verksemd etablert seg i eit regulert industriområde med infrastruktur og naturressursar (eige produksjonsvatn frå Risevatn mm). Alternativ lokalisering er ikkje aktuelle for verksemda i Bremanger kommune. I høve overordna lokale forventningar (jamfør lokale utviklingsmål i neste punkt) er det vanskeleg å gå mot planforslaget for nødvendig byggeareal til lokal verksemd.

Ved godkjenning av søknad om løyve til tiltak etter vedteken reguleringsplan så må ei rekke nasjonale lover og føresegner følgjast. Dei viktigaste lovene tiltak må ha løyve til er:

- Plan- og bygningslova
- Forureiningslova
- Hamne- og farvasslova

3.8.4 Lokale utviklingsmål

Kommuneplanen og Bremanger kommune sin «Strategisk Næringsplan 2014-2020» har føringar for lokale utviklingsmål.

Målsettinga for Bremanger kommune, gjennom «Strategisk Næringsplan 2014-2020», er å legge til rette for at Bremanger kommune er ein attraktiv kommune for etablering- og utvikling av framtidsretta næringsaktivitet. Fiskeri og havbruk er ein av sentrale næringar som skal prioriterast i næringsarbeidet.

Forslagsstillar er stor aktør innanfor næring som kommunen prioriterer og har nødvendig økonomi og ressursar til å realisera kommunen sine utviklingsmål. God økonomi hjå etablert verksemd gjer det økonomisk mogleg å gjennomføra avbøtande tiltak for å få byggeklart nye (og kostbare) næringsareal i samsvar med reguleringsplanane.

3.8.5 Juridiske og økonomiske forhold og rekkefølgekrav

Norconsult AS har utarbeidd planframlegget for Breivika Eigedom AS.

Reguleringsplan løyser ikkje juridiske og økonomiske forhold, men her er fleire tiltak utanom det tekniske som må løysast før tiltak kan gjennomførast ved nye næringsareal. Det gjeld først og fremst erstatning av noverande naustrekke. Dialog og planlegging av dette er i gang og fullførast etter at reguleringsplanen er endeleg vedteken.

For å sikre noverande bruk av eksisterande bygningar og anlegg (inklusive vegtilkomst) fram til erstatning er løyst så vert det i planføresegner fastsett rekkefølgekrav som sikrar dette før tiltak på aktuelle nye næringsareal.

I føresegner er det også rekkjefølgjekrav til tilstelling av omsynssoner for landskap før visse tiltak blir gitt løyve til.

4 Oppsummerende vurdering

4.1 Oppsummering og samanstilling av konsekvensar

Det er ikkje oppdatert KU-rapport som følgje av at areal i og omkring småbåthamna er trekt ut av planforslaget etter offentlig ettersyn. I samsvar med godkjent reguleringsplan så er «Delområde 2b, Breivika aust mm stroke i tabell 5 i revidert planomtale. Oppsummering i dette kapittelet er ikkje endra utover denne kommentaren.

Tabell 5 Omfang og konsekvens og samla vurdering for landskap

	Delområde	Verdi	Plan 1 Utfylling med næring		Plan 2 Steinbrot med næring		Samla vurdering	
			Omfang	Konsekvens		Konsekvens	Omfang	Konsekvens
1	Langeneshaugen	Middels	Lite negativt omfang.	-	Lite negativt omfang.	-	Lite negativt omfang.	-
2a	Breivika vest; næringsområde	Liten til middels	Lite negativt omfang.	-	Lite negativt omfang.	-	Lite negativt omfang.	-
3	Myrane	Middels	Lite negativt omfang.	-	Lite negativt omfang.	-	Lite negativt omfang.	-
4	Grøn fjellside	Middels til stor	Liten til middels negativt omfang.	-/--	Middels negativt omfang.	--	Middels negativt omfang.	--
5	Breivika sjøflate	Middels til stor	Middels negativt omfang.	--	Lite til middels negativt omfang.	-/--	Middels negativt omfang.	--
6	Botnen	Middels til stor	Intet omfang.	0	Intet til lite positivt omfang (flytting av regulert næring er tatt med her).	0/+	Intet omfang.	0
Samla vurdering				-/--		-/--		-/--

Tabell 6 Samanstilling av konsekvensar for andre tema enn landskap

Tema	Konsekvens
<p>Nærmiljø og friluftsliv Verknadane for tiltaket er størst for bustadområda og ferdsel på sjø i forbindelse med utfyllinga. Dette i tillegg til at småbåthamna er føresetta flytta vil endre tilgang til og bruk av området for innbyggjarane når tiltaket blir realisert. Folk som har båtane sine i hamna vil måtte finne seg nye båt plassar å leige, og det vil ikkje lenger vere like attraktivt å fiske i området når planforslaget blir realisert. Tiltaket vil i stor grad endre bruksmoglegheitene for området som er regulert til friluftsområde ved at det blir omdisponert til næringsareal, samt at turvegen blir sanert. Dette medfører stort negativt omfang for friluftslivet som er knytt til denne.</p>	<p>Middels negativ konsekvens</p>
<p>Naturressursar Sett i samanheng med det totale arealet for gyteområdet i Gulenfjord vil tiltaket beslaglegge eit lite areal. Men om akkurat det arealet som vert beslaglagt er eit viktig nøkkelområde må det likevel vurderast som eit betydeleg inngrep. I dette tilfellet er det ålegrasområdet som kan forsvinne. På grunn av tiltaket sin påverknad for ålegraslokalitet i Breivika, som vil vere ein eigna lokalitet for yngel frå gyteområdet, vil tiltaket samla sett ha liten negativ påverknad for gyteområdet i Gulefjorden.</p>	<p>Liten negativ konsekvens</p>
<p>Forureining Det er knytt uakseptabel miljørisiko til spreining av partikkelbunden forureining frå sedimentet, som kan bli spreidd ut av tiltaksområdet og føre til negativ påverknad i gyteområdet for torsk. Det bør difor vurderast tiltak for å begrense denne spreinga i ein tiltaksplan. Vidare bør plastforureininga minimerast.</p>	<p>Stor negativ konsekvens</p>
<p>Naturmangfald Planforslaget inneberer at ålegraslokaliteten i Breivika vil gå tapt/forsvinner som følgje av utfyllinga i sjø. Samla sett tilseier dette stort negativt omfang samanlikna med dagens situasjon.</p> <p>Vassføringa frå vassdraga er liten og strekningane korte.</p> <p>Den registrerte truga arten fossegrimemose er lokalisert om lag 100 meter sør for sjølve tiltaksområdet. Den nye turvegen er planlagt å ligge om lag 60 meter nord for lokaliteten. Hjortetrek er vurdert til å bli lite berørt av ein eventuell gjennomføring av prosjektet.</p>	<p>Veldig stor negativ konsekvens.</p> <p>Liten-middels negativ konsekvens.</p> <p>Liten negativ konsekvens.</p>


4.2 Avbøtande tiltak, ytterlegare undersøkingar, oppfølging

Tabell 7 Samanstilling av avbøtande tiltak, behov for ytterlegare undersøkingar og oppfølging

<p>Landskap</p> <p>Avbøtande tiltak vil vera landskapsarbeid t.d. med skjerming, voll og planting mot sjø, veg og mot Botnen (Rise). Særleg gjeld dette område i planområde 2 med høge skjeringar etter masseuttak.</p>
<p>Nærmiljø og friluftsliv</p> <p>La terrenget utgjere skjerming mot omgjevnadane ved etablering av næringsområdet i plan2. Alternativ turveg er allereie innarbeidd i planforslaget.</p>
<p>Naturressursar</p> <p>Generelt bør ein unngå perioden januar til april for å ta omsyn til gyteområdet for torsk i fjorden. Av omsyn til plante- og dyreliv, friluftsliv og rekreasjon, anbefaler Miljødirektoratet som ein hovudregel at tiltak i sjø ikkje blir tillate i perioden 15. mai til 15. september. Det blir tilrådd at ein utfører eit av følgjande tiltaksalternativ for å avgrense forureiningsspreiing med partiklar.</p> <ul style="list-style-type: none"> - Siltgardin med gode flytelenser saman med oppsamling av plast innanfor lensen. - Beskyttande lag med sand før utfylling saman med utfylling utanom gyteperioden i fjorden kan nyttast viss plasten kan fjernast før massane blir tømt i fjorden.
<p>Forureining</p> <p>Det blir tilrådd at ein utfører eit av følgjande tiltaksalternativ for å avgrense forureiningsspreiing med partiklar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Siltgardin med gode flytelenser saman med oppsamling av plast innanfor lensen - Beskyttande lag med sand før utfylling saman med utfylling utanom gyteperioden i fjorden kan nyttast viss plasten kan fjernast før massane tømmast i fjorden. <p>Stasjonære anlegg skal utformast slik at terrenget og brotkanten samt vegetasjon i størst mogleg grad vil skjerme aktivitetane i brotet og hindre direkte innsyn frå naboar. Mobile/midlertidige verksemder skal skjermast mot innsyn og støy med voller/lagerhaugar etter kvart som pukk/masser blir tatt ut.</p>
<p>Naturmangfald</p> <p>Vurdere omfanget av utfyllinga slik at det ikkje rører ålegraslokaliteten.</p> <p>Vassdraga som renn gjennom planområdet bør så langt som mogleg haldast opne og eigna for oppgang av fisk. Terskelen som er etablert i det austre vassdraget bør rivast då denne vil fungere som ei rein fiskefelle for oppvandringsfisk slik den er etablert i dag.</p> <p>Dersom det er mogleg er det føremålstenleg om aktiviteten blir halden utanom hekketid for dei fleste fugleartar, det vil sei perioden 1. mai – 30. juni.</p>

Vedlegg 2

Planforslag, Plankart 2 (ved offentlig ettersyn)



Vedlegg 3

Andre deldokument knytt til planframlegg

- Føresegner til plankart 1 og 2, datert 19.05.2018.
Revidert etter vedtak 07.06.2018.
- ROS 01: Risiko- og sårbarhetsanalyse, datert 21.05.2018
- MARIN 01: Miljøkartlegging og KU for naturmiljø i sjø, datert 12.12.2017.
 - Revidert 06.06.2018.
- NATUR 01: KU Naturmiljø land, datert 24.11.2017.
 - Vedlegg: Supplerande feltnotat for terrestrisk naturmiljø, datert 07.06.2018.
- KU Deltemarapport Landskap, datert 22.05.2018.
- KU Deltemarapport Nærmiljø- og friluftsliv, datert 27.04.2018.
- RIG 01: Geoteknisk vurdering, datert 04.01.2018.
- INGCEO-01: Ingeniørgeologisk rapport, datert 18.04.2018.


Vedlegg 4

Merknader i samband med offentlig ettersyn og innspel til planarbeidet

Merknader til **planprogrammet** i samband med offentlig ettersyn er vurdert gjennom eiga politisk sak som vart handsama i Formannskapet den 01. juni 2017 i sak FSK- 067/17.

Vedlegg 5

Plankart 1, vedtekte 28.02.2019



Vedlegg 6

Plankart 2, vedteke 28.02.2019

